


# Slik hollendarane ser oss



ROSÉ DE BEER: Smart pone sleeve hardanger



SJAAK LANGENBERG OG ROSÉ DE BEER: H

**HOLLAND I HARDANGER.** Els Geelen er både drivkraft for utstillinga og utstillar. For henne handlar det om røter.


## HOLLAND I HARDANGER

Ni kunstnarar frå Holland har laga utstillinga Holland i Hardanger som opna på Hardanger folkemuseum i helga. Nokre av dei har busett seg i regionen, andre kjem for å jobba i periodar. Perspektivet på utstillinga HiH er kva Hardangernaturen gjer med det visuelle uttrykket hjå tilflytta kunstnarar som har heilt andre referanserammer. Kunstnarane som stiller ut på Utne er Rose de Beer og Sjaak Langenberg, Paul Dikker, Els Geelen, Judith de Haan, Simone Hooymans, Hans Pulles, Felieke van der Leest og Wim van den Toorn. Utstillinga står til 31. mars 2014.

**E**r Hardanger annleis sett med hollendarar sine auge? Sjå sjølv!

Kva gjer hardangernaturen med kunstnarane som kjem? Korleis ser og opplever dei omgjevnadene og kulturen her?

Dette er utgangspunkt og inspirasjon for ei utstilling som gir fleire svar i ulike uttrykkformer. Utstillinga er ei gåve til nordmenn og dei som har vakse opp i regionen og har (?) landskap og kultur i ryggmargen.

**MEN ER ME KLAR OVER** kva omgjevnader me har? Set me pris på dei? Ser me det same som kunstnarane (og andre) som kjem hit på besøk og opplever fjell og fjord, god plass og folk i griségrende strok og nokre tettstader av svært ulik storleik?

I storsalen på Utne kan publikum no få Hardanger (og Noreg) i videokunst, skulptur, gjerde, smykke og biletkunst i fleire teknikkar. Dei fleste kunstverka – inspirert av natur, landskap og menneske – er til sals.

**ELS GEELLEN**, ein av kunstnarane som har budd i Hardanger i fleire år, tok initiativ til utstillinga, og fekk med seg Paul Dikker, ein populær målar i heimlandet, som stadig vender tilbake til Hardanger og Noreg, på ideen.

Kvam-ordførar Asbjørn Tolo stod for den offisielle utstillingsopninga. Han kunne stolt konstatere at prosjekt Kvammalokk bokstavleg

tala har bore frukt. Det vart utvida til Hardangerlokk og del av prosjekt Flytt til Hardanger.

Nyleg avlidne kultursjef i Kvam, Lars Erik Klafstad var ein pådrivar i det målretta arbeidet for kulturbasert næring og relasjonsbygging mellom kunstnarar og lokalmiljø.

– Utstillinga er også ein hyllest til Klafstad, sa Paul Dikker som vonar kommunane vil halde fram det arbeidet kultursjefen la si sjel i og fronta på beste vis.

HF har tidlegare vist bilde av parkeringsplassen ved Kulturhuset Messen i Ålvik som no er prega av hardangersaum. Typisk Hardanger. Sjaak Langenberg og Rosé de Beer har fleire prosjekt og idear i ermet

for Hardanger-symbol i nye samanhengar.

Els Geelen har bokstavleg tala gripe fatt i røter. Måla dei til lerret, støypt dei inn. Dei konkrete, dei ho har forlate og dei som kan hende er her. «Og reven låg under birkerot ...» heiter det i songen. Han finst i kunsten til Geelen også. Men kva sa reven? Du finn det nok ut, om du ser bilda.

**HARDINGANE HAR STERKE** røter og føler seg knytt til tradisjonar. Det har mellom andre Rosé de Beer følgd opp med futtural til smarttelefon med element frå bunad og saum. Street art for å fronta Hardanger er ein god idé. Pent er det og.



style



FELIEKE VAN DER LEEST: The Jack Russels.



SIMONE HOOYMANS: Meeting



HANS PULLES OG PAUL DIKKER ved Pulles sitt gjerde: What I see og Wim van den Toorn sitt bilete NNMM.



Hardanger parking lot



ELS GEELLEN: Balance

Isbjørn og moskus i «ny drakt» har funne vegen til veggane. Kystlandskap frå nord i Noreg også. Dit var det mange hardingar som reiste sjøvegen, så det høyrer heime her det og.

Smykkekunstnar Felieke van der Leest har både skråblikk og sans. Fleire av hennar objekt er i privat eiga, mellom anna armbandet The J. Russels; ei fantastisk hundeskulptur. Vel er dei små, Jack Russel-terrierane som er så i vinden for tida, men å ha eit heilt koppel rundt handledet, wow! Desse kunstverka må ein berre oppleve.

**VAKRE OMGJEVNADER.** Hans Pulles (han med blomeleikeskulpturane i

Rabben barnehage i Odde) sitt (frukt)blømande gule gjerde gir like blømande skugge på veggan.

Det erstatta ein manglande del på eit verneverdig gjerde i byen under designnuka i Bergen i fjor.

Mykje har inspirert hollendarane. Industrimiljø, fabrikkar og bygningar, Baroniet i Rosendal, skog og fjell, folk og kultur. Fleire av kunstnarane er no med i Harding Puls og har stilt ut fleire stader i regionen, så nokre av Holland i Hardanger-kunstnarane og deira arbeid er kjende for publikumarane. Slik er det kjekke gjensyn.

**HER ER KUNST** av høg klasse. Kunst å lika. Kunst å undra seg over. Kunst

ein må tenka på. Kunst som passar i Hardanger.

Dei nederlandske kunstnarane som har vorte lokka hit, er friske tilskot. Nokre av dei har busett seg, andre kjem tilbake og dreg inspirasjon mellom landa, smeltar kulturar og særdrag til eit spanande heile. Dei ser det vakre og det stygge, finn bodskap i landskap og folk – og omskapar det til kunst.

Ein bodskap som kan få oss til å tenke over tradisjon og røter, nasjonal kjensle og særpreg. Kva er det om påverkar oss? Kor viktig er heimstad og heimland? Me har både føter og røter. Men nokre stolar mest på det eine – eller det andre.

**HOLLAND I HARDANGER** gir smakebitar på ulike inntrykk og uttrykksformer. Anten me finn svar eller ikkje på «What (does) the fox say?», får me mange bevis på at Hardanger seier noko til hollendarane som har late seg fascinera nok til å reise frå heimlandet og eit totalt ulikt landskap enn dei møter her. I Hardanger kan dei slå ut armene mellom høge fjell og fjord, finne fred og ro. Og inspirasjon til kunst. Og setja sine fotavtrykk i miljøet. I desse regjeringskiftetider der det er viktig å gjera nett det, er det kan hende symbolsk at to av bilda på utstillinga har tittelen Footprint. Det handlar om røter.